

Saksnr: 2019/66-1  
Saksbehandlar: Kristine Angelsen

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utv <u>al</u>	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		12.11.2019

**Høyring - endringar i friskulelova og forskrift til friskulelova**

**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune støttar forslag til endringar i friskolelova og forskrift til friskolelova som gjeld endring av reglane om realkompetansevurdering.

**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet sendte 22. august 2019 forslag til endringar i friskolelova og forskrift til friskolelova. Høyringa har to hovuddelar; endring av reglane om krava til realkompetansevurdering og harmonisering av friskolelova når det gjeld føresegnehene om internkontroll og dei føreslegne endringane i opplæringslova. Den siste delen gjeld i hovudsak interne forhold hos friskulane som det ikkje er relevant for fylkeskommunen å gi synspunkt på. Denne delen vert difor ikkje svara på i høyringsuttalen.

Bjørn Lyngedal  
Påtroppande fylkesdirektør  
Avdeling for opplæring og kompetanse

Birthe Andersen Haugen  
påtroppande fylkesdirektør for  
påtroppande leiar seksjon stab

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kunnskapsdepartementet sendte 22. august 2019 forslag til endringar i friskolelova og forskrift til friskolelova. Høyringa har to hovuddelar; endring av reglane om krava til realkompetansevurdering og harmonisering av friskolelova når det gjeld føresegnehene om internkontroll og dei føreslegne endringane i opplæringslova. Den siste delen gjeld i hovudsak interne forhold hos friskulane som det ikkje er relevant for fylkeskommunen å gi synspunkt på. Denne delen vert difor ikkje svara på i høyringsuttalen.

Departementet føreslår å endre friskolelova § 3-1 slik at føresegna opnar for at departementet i forskrift kan gi unntak frå kravet om realkompetansevurdering for inntak av vaksne til vidaregåande opplæring i friskular. Bakrunnen er at departementet har fått fleire tilbakemeldingar om at kravet om realkompetansevurdering av vaksne før inntak til ein friskule, kan vere eit hinder for at vaksne søker seg til vidaregåande opplæring.

Grunnen til at kravet om realkompetansevurdering kan vere eit hinder er fleire, i følgje departementet:

- Vaksne søkerar til friskular kan, på grunn av elevstatusen, berre takast inn i heile fag. Dette står i motsetning til kravet om realkompetansevurdering i opplæringslova, der poenget er at den skal ligge til grunn for ei individuell tilpassing av opplæringa og som inneber at den vaksne kan ta delar av fag dersom den vaksne skulle takast inn til ein offentleg vidaregåande skule.
- Vaksne søkerar utan rett til vidaregåande opplæring i alderen 19 til 24 år vil i mange tilfelle i liten grad ha tileigna seg realkompetanse utover formalkompetansen. Føremålet med realkompetansevurderinga utover å få kartlagt formalkompetansen, treff dermed ikkje heilt for denne gruppa vaksne.
- Det er ulik praksis mellom fylkeskommunane knytt til realkompetansevurderinga.
- Vaksne utan rett til vidaregåande opplæring må som hovudregel betale sjølv for vurderinga som vert gjort av fylkeskommunen.

Samla sett vurderer departementet at dagens inntakskrav kan gjere at motiverte vaksne som ønsker å få eit opplæringstilbod på ein friskule, ikkje får fullført ein vidaregåande opplæring.

Sjå elles vedlagt høyringsnotat frå departementet.

### Vedtakskompetanse

Det følgjer av «Reglement for folkevalde organ og delegering» for Vestland fylkeskommune at Hovudutval for opplæring og kompetanse gjev innstilling om høyringsforslag innan sitt ansvarsområde.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Kan spare ressursar hos fylkeskommunen.

**Klima:** Ikke relevan

**Folkehelse:** Kan auke tal personar som fullfører vidaregåande opplæring.

**Regional planstrategi:** Ikke relevant

Fylkeskommunen har ansvar for mellom anna vidaregåande opplæring for vaksne. Retten til vidaregåande opplæring for vaksne følger av opplæringslova § 4A-3 og gjeld for dei som ikkje har fullført vidaregåande opplæring tidlegare, frå og med det året dei fyller 25 år.

Vaksne utan rett består av personar som anten har brukte opp ungdomsretten sin eller som ikkje har rett til vidaregåande opplæring som voksen etter opplæringslova § 4A-3. Personane det gjeld kan vidare delast inn i aldersgruppa 19 til 24 år (dei som har brukte opp ungdomsretten) og dei over 25 år som ikkje har ungdomsrett eller voksenrett.

Det eksisterer ein del ordningar for vaksne, også for dei som er utan rett, dersom dei ønsker høgare utdanning eller yrkesfagleg vidaregåande utdanning. For høgare utdanning har vi til dømes 23/5-regelen der ein som er 23 år eller eldre kan få generell studiekompetanse dersom vedkomande kan dokumentere fem år med utdanning/praksis og har bestått dei seks studiekompetansefaga. Vidare for yrkesfagleg vidaregåande utdanning har vi mellom anna den nye ordninga med fagbrev på jobb der vaksne får moglegheit til å få fag-eller sveinebrev på grunnlag av allsidig praksis, og opplæring kombinert med rettleia praksis i vanlig arbeid.

Når ein vaksen søker seg inn til vidaregåande opplæring kan det i mange tilfelle vere føremålstenleg å gjøre ei realkompetansevurdering før inntak av den vaksne. Då får ein kartlagt kor mykje vidaregåande opplæring som er fullført/gjennomført før inntak.

Likevel ser påtroppande fylkesdirektør at kravet om realkompetansevurdering av alle vaksne før inntak til ein friskule, ikkje i alle tilfelle treff. Dette gjeld særleg vaksne i aldersgruppa 19 til 24 år som har bruk opp ungdomsretten, men ikkje fullført vidaregåande opplæring. Denne gruppa fell mellom to ordningar; ordninga med ungdomsrett og ordninga med vaksenrett då dei må vente til dei fyller 25 år før dei får vaksenrett. Det vil difor vere særleg positivt for denne gruppa om det vert innført unntak frå kravet om realkompetansevurdering for inntak til friskular.

Vidare er tal vaksne søkerar utan rett som friskulane kan ta inn avgrensa. Forskrift til friskolelova § 11-3 set føringar for kva for friskular som får ta inn vaksne søkerar utan rett, og kor mange elevar desse skulane får ta inn av denne gruppa søkerar. Difor ser ikkje påtroppande fylkesdirektør at det er problematisk at reglane vert forenkla då det likevel er snakk om eit avgrensa omfang.

## Konklusjon

Samla sett er påtroppande fylkesdirektør positiv til forslaget frå departementet. I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg å gjøre ei realkompetansevurdering før inntak av vaksne søkerar til vidaregåande opplæring. Vidare eksisterer det ein del ordningar for vaksne, også for dei som ikkje har rett, dersom dei ønsker høgare utdanning eller yrkesfagleg vidaregåande utdanning. Likevel ser påtroppande fylkesdirektør at for inntak av vaksne til ein friskule kan kravet om realkompetansevurdering hindre motiverte vaksne til å få fullført ein vidaregåande utdanning.